



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
24.05.2018	62333/2018	Heidi-Iren Wedlog Olsen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	04.06.2018

Mindretalsanke vedrørande evaluering av bokbåttenesta

Bakgrunn

I samband med behandling av sak KF-27/18 Evaluering bokbåttenesta – tilråding vidare vegval, vart det i samsvar med reglementet for kultur- og folkehelseutvalet § 13 lagt fram ein slik mindretalsanke:

Mindretalsanke motteke frå Peder Gjerstad med fleire, kl. 14.04.

Jeg viser til §13 i reglement for kultur- og folkehelseutvalget, og vil med dette fremme en mindretalsanke i sak KF-27/18 Evaluering av bokbåttenesta på vegne av følgende medlemmer av utvalget:

Peder Gjerstad (H)

Toril Røsand (H)

Per Vidar Kjølmoen (AP)

Trygve Holm (AP)

I nemnde sak gjorde utvalet vedtak i 4 punkt, der punkt 1 og 2 var samrøystes, medan punkt 3 og tillegget til punkt 4 vart vedteke med 6 mot 4 røyster.

Mindretalsanken er etter dette retta mot utvalet sitt vedtak punkt 3 og tillegget til punkt 4 som høvesvis har slik ordlyd:

«3. Kultur- og folkehelseutvalet prioriterer å videreføre ordninga med bokbåttenesta i eitt år til og løyser med det ut opsjonen i rammeavtalen med Vinnes Skyssbåtservice AS.»

«både med scenarioa framhald av tenesta og nedlegging av bokbåttenesta frå 2019,»

Det er følgeleg desse punkta som står til behandling i fylkesutvalet.

Evalueringa av bokbåttenesta er forankra i gjeldande økonomiplan, sjå s. 98, og sak KF-8/18. Spørsmålet som utvalet er bedt om å ta stilling til er om Møre og Romsdal fylkeskommune skal utløyse ein opsjon som gir eitt år forlenging av gjeldande avtale om bokbåttenesta, eller om ein skal la avtalen gå ut på ordinært vis og heller utvikle nye formidlingstiltak på bibliotek- og litteraturfeltet.

Vedlagt saka ligg

- Sakframlegg med tilråding til vedtak og vedlegg, slik sak KF-27/18 vart lagt fram for kultur- og folkehelseutvalet (vedlegg 1-7)
- protokoll frå møte i kultur- og folkehelseutvalet 16. mai 2018 (sjå side 5-6 og 8) (vedlegg 8)
- notat frå verneombod (vedlegg 9)
- reglement for kultur- og folkehelseutvalet (vedlegg 10)

Vurdering

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det verken i møtet 16. mai eller i etterkant av møtet har kome meir informasjon som vil belyse saka ytterlegare eller som tilseier ein annan konklusjon frå administrasjonen si side vedkomande opsjonsspørsmålet/utgreiingsarbeidet omtalt i punkt 4. Tvert imot har ein i høve opsjonsspørsmålet motteke ein oppsummerande rapport frå verneombodet som gir eit samandrag av arbeidsmiljøproblematikken som kom fram gjennom det evalueringarbeidet fylkeskultursjefen gjennomførte seinhaustes 2017/våren 2018 om bokbåttenesta. Rapporten følgjer vedlagt.

Dersom fylkesutvalet ikkje ønsker å imøtekome mindretalsanken for så vidt gjeld opsjonsspørsmålet (punkt 3) er det heller ikkje tenleg å behandle separat anken over tilføyninga i punkt 4. Fylkesutvalet kan då gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet avviser mindretalsanken vedrørande evaluering av bokbåttenesta.

Dersom fylkesutvalet vil etterkome mindretalsanken, kan utvalet gjere følgande vedtak:

1. Kultur- og folkehelseutvalet sitt vedtak punkt 3 i sak KF 27/18 vert oppheva.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune utløyser ikkje opsjon på eitt års forlenging av kontrakten med Vinnes Skyssbåtservice AS om bokbåttenesta.
3. Kultur- og folkehelseutvalet sitt vedtak punkt 4 i sak KF 27/18 vert oppheva og erstatta med:
Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram sak for kultur- og folkehelseutvalet om korleis bok- og litteraturformidlinga kan vidareutviklast og styrkast innanfor dagens rammer, og korleis dette kan stryke fylkesbiblioteket sin rolle som regionalt kompetansesenter og nav for bibliotek og litteraturformidling i fylket.

Fylkesrådmannen legg fram saka utan tilråding.

Forslag til vedtak:

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Vedlegg

- 1 Evaluering bokbåttenesta - tilråding for vidare vegval
- 2 Kunnskapsgrunnlag - statistikk
- 3 Kunnskapsgrunnlag - nye krav
- 4 Kunnskapsgrunnlag - samanlikning av drift i Møre og Romsdal og Hordaland
- 5 Kunnskapsgrunnlag - tenesta og fylkeskommunens oppgåver
- 6 Oppsummering - verkstad 1
- 7 Oppsummering - verkstad 2
- 8 Protokoll frå møte i kultur- og folkehelseutvalet 160518
- 9 Evaluering bokbåttenesta - notat frå verneombod
- 10 Reglement for kultur- og folkehelseutvalet